

Tretthidler / Trettheller / Tretthedder

I dag ligg Tretthidler på botn av Blåsjø og berre Tretthidlernuten stikk opp som ei øy i det store kraftmagasinet. Sjølv om sjølve helleren er borte for alltid så lever historia og segnene om plassen vidare. Tidlegare var Tretthidler ein framtrudande stad i heia, der den låg i eit grenseland mellom aust og vest, mellom driftekarar og villreinjegerar og mellom det kvardagslege og det overnaturlige.

Sjølv Tretthidleren skil seg ikkje frå andre hidlere i heia. Rett nok relativt romsleg og gav godt ly mot været, men det var den sentrale plasseringa og alle segnene knytt til staden som gjorde den kjent. Tretthidler ligg lagleg til etter fleire gamle ferdselsveggar mellom Suldal og Bykle. Kor både vegen frå Kvildal, Ulladalen og Førre til gardane ved Botsvatnet var for lang til å gå på ein dag. Rundt Tretthidler var det godt terreng for villreinjakt og sjølv om det er langt til fjells var området godt egna til husdyrbeite.

Sjølv namnet på hidleren skal komme av ei trette om jaktretten ved staden. Segna fortel om ein kar frå Suldal og ein frå Setesdal som var ueinige om kven som hadde retten til bruken av område. Dei vart einige om at begge skulle starte heime frå garden om morgonen, og at den som kom først fram til Tretthidler skulle ha bruksretten. Da den eine kom fram til hidleren så låg alt den andre der og sov.

Ein skulle tru at saken da var avgjort, men slik gjekk det ikkje. Taparen skulda vinnaren for å ha juksa ved å ha starta frå stølen i staden for frå heimegarden, og dei to rauk saman i ein frykteleg krangel med skjellsord og banning. Til slutt kom knivane fram og det enda med at den eine låg død på bakken.

Hovudtrekka i segna er den same i både Suldal og i Setesdal, men i Suldal seiast det at det var setesdølen som juksa og som tapte kampen, mens rollene er byta om i setesdalversjonen av segna.

Etter drapet seier segna at det tok til å spøke i Tretthidleren. Dei som overnatta i hidleren vakna av ein høglytt krangel på setesdalsmål og suldalsmål, og om ein våga å kikke ut kunne ein sjå ein svart skikkelse som gjekk rundt og bar eit avskore hovud under armen. Til slutt førte uroa om natta til at ein måtte flytte hidleren til ein ny stad i nærleiken.

Det er ikkje berre gamle segn som fortel om tretter og ueinigheit om bruken av Tretthidler. Når Høifjellskommisjonen skulle fastsette eigedomsgrensene i høgheia, kunne fleire vitne fortelje om samanstyrt mellom villreinjegerar og driftekarar.

Områda ved Tretthidler var eit godt jaktterreng og reinsdyrjegerar bruka å overnatte i hidleren. Når gjetarar med store husdyrdrifter og ville etablere seg der førte det til konflikt. Det vart fortalt at suldalsjegaren Knut Mogleiv (1802-1881) ved fleire høve kjeppjaga driftekarane frå staden og at han

reiv ned driftelega dei prøvde og bygge på staden. Det høyrer og med til historia at når driftekarane prøvde og etablere seg ved Tretthidler på slutten av 1860-talet så leigde dei beite av garden Brotteliid i Setesdal.

At Tretthidler tilhørte Bykle vart og slege fast i Høifjellskommisjonen si kjenning i 1931. Dette kan kanskje være ein indikasjon på at det var setesdølen som gjekk sigrande ut av kampen det blir fortalt om i segna.

I samband med den kommande Ulla-Førre reguleringa vart det gjennomført arkeologiske utgravingar av Tretthidler i 1974. Her vart det gjort fleire interessante funn som er med på og kaste lys over historia til staden. Inne i hidleren var det eit 50 cm tjukt moldlag som vart tolka som restar av lyng og bregner som var bore inn for å gjere golvflata mjuk og tørr. I dette laget vart deg gjort funn av ein kniv, hesteskosaum, blykuler, flint, eit hestebissel, restar av skinn og lær, bein og horn. På to bitar av reinsdyrgevir var det rissa inn initialalar og årstala 1820 og 1829. Ingen av funna var eldre enn frå første del av 1800-talet.

Dette forundra arkeologane ettersom ein rekna med at bruken av hidleren måtte gå lengre tilbake i tid. Dette mysteriet skulle likevel få si løysing. Etter opplysningar frå Olav G Holen i Bykle, fann og arkeologane ein annan hidler om lag 700 m nordvest for Tretthidler. Her var golvet dekkja av eit samanhengande moseteppa og ein fann ikkje spor etter menneskje i nyare tid. Under mosen var det eit 10cm tjukt lag med trekol, men det vart ikkje gjort funn som gjorde det mogleg og datere bruken.

Mykje tydar likevel på at dette var staden kor Tretthidler låg før den etter segna skulle ha blitt flytta. I rapporten frå utgravinga kom og arkeologane med ein teori om kvifor det var så uroleg om natta i den gamle Tretthidleren. *«Rett foran inngangen til den gamle hidleren er det et steinfylt parti i bakken, og dypt nede mellom steinen klukker det en bekk – hult, uregelmessig og trolldomsfult. Med ett slo tanken oss: selvfølgelig er det nettopp disse lydene som tidligere ble assosiert med hulder og anna skrømt når trette fjellvandrere skulle legge seg til ro om kvelden, og som førte til at man for om lag 150 år siden flyttet herberget til et nytt sted en snau kilometer unna!».*

Tekst: Alf Odden, SVR

Foto: Arkeologisk museum / Universitetet i Stavanger, Digitalmuesum. Nett 22.05.2021.

Historien er lagt inn i samband med verdiskapingsprosjektet «Kunnskapsformidling om villrein og villreinfjellet» i regi av Verneområdestyret for SVR



Gamle Tretthedder. Foto: Arkeologisk museum / Universitetet i Stavanger.



Nye Tretthedder. Foto: Arkeologisk museum / Universitetet i Stavanger.



Nye Tretthedder. Foto: Arkeologisk museum / Universitetet i Stavanger.